

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8.

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bremanger

Emne: Beit og brom.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten.

Gard:

(adresse): Kjelkenes.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Delvis.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke) :

## SVAR

Det kan trygt seiast at beit er det hjelpeforet som har vore minst nytta i Bremanger. Eg har ikkje funne nokon som har kjennskap til at brom har vore nytta.

1. Ein har nytta beit til hjelpefor. Litt kan ein nytte no og, men det tykkjest berre å vere til eit byte for krøtera. Det vert kalla eit beit, eg har og høyrt eit beite (tostavingstonelag). Ein har nytta bjørk, fure og eine og lyng.

2. Dei har ikkje noko namn for hentinga og heller ikkje nokon sers slede.

3. Det var berre om vinteren når det låg snø. Dei köyrde bjørka heim med snåret på. Så skar dei kvistene av med sigd og gav kyrne. Furekvistene köyrde dei og heim med baret på. Det einaste dei gjekk eins ærend etter, var eine og lyng. Einen hogg dei, men dette lynget reiv dei opp med hendene.

Det vart brukt å hogge ned furer eller greiner av furer, og så vega dei i snøen for geitene og sauene, så dei åt beitet på staden. Det same hende at dei gjorde med einen.

4. Vanleg sigd.

5. Bjørkebeitet brukte dei til kyrne. Dei fekk det berre. Furebaret og einen var til sauene og geitene. Henrik R. Nesbø, 75 år gamal, fortel at dei var varsame med furebaret til sauer som skulle ha lam. Lamma hadde ikkje godt av at sauene åt furebar. Då rekna dei einen for å vere betre. Eine var nærast rekna for godt for til sauene. Dei brukte ikkje å hakke beitet.

6. Dei skar aldri meir enn dei nytta etter kvart. Geitene og sauene fekk gå på tunet og ete av trea som låg der. Dei hadde aldri kyrne ut for å ete der.

7. Denne skikken er ikkje kjend i Bremanger.

Tillegg til 5. Lynget bunta dei saman og hengde opp i kje-garden, så kjea fekk ete av det.